



Seaworks Kabel AS
Magnar Greve
Postboks 3196
9498 HARSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4345 - 21/43680

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
22.06.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden om fiberkabel i Hindenesfjorden - gbnr 13/3 Øvreås og 33/3 Jordal

Tiltak: utlegging av sjøkabel i Hindenesfjorden
Byggjestad: Gbnr: 13/3 og 33
Tiltakshavar: Telenor Norge AS
Ansvarleg søkjar: Seaworks Kabel AS

Vi treng fleire opplysningar for å behandla søknaden om fiberkabel i Hindenesfjorden mottatt 06.05.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Søknad om dispensasjon

Generelt for landtaka er kommunens vurdering at dei er søknadsppliktige om dei er synlege i terrenget. Begge landtaka ligg innanfor område avsett til LNF-føremål og det må søkast om dispensasjon frå LNF og forbod mot tiltak i strandsona for oppføring. Søknad om dispensasjon må nabovarslas i tråd med gjeldande regelverk. For landtak der det ikkje vert synlege spor i terrenget, er kommunens førebelse vurdering at det er unnateke søknadspplikten jf. plan- og bygningslova § 20-5 første ledd bokstav g. Vi gjer merksam på at omfanget av ilandføringspunktet vil ha betydning for vurderinga.

For tiltak i sjø og vassdrag kjem det fram under kommuneplanen sine føresegner punkt 3.5.1 at føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag ikkje er til hinder for utlegging av sjøleidningar for blant anna telenett. Denne gjeld område telenett er lagt i sjø, innsjø, elv eller liknande.

Kommunen tillet vanlegvis ikkje leidningar og kablar synlege i strandsona, løysinga med borehol er betre, så ein kan unngå varige spor i terrenget.

Nabovarsel

Dispensasjonssøknad etter plan- og bygningslova skal nabovarlast. Det er eigarane av dei to eigedommane gbnr 13/3 Øvreås og 33/3 Jordal og eigarane av dei to nærmaste nausta. Alternativt kan du senda inn dokumentasjon på at dei har gitt samtykke til plassering av kabel og skilt (om ankringsforbod).

Ansvarsrett

Erklæring om ansvarsrett(ar) og gjennomføringsplan for prosjektering og utføring skal sendast inn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon **vert sendt inn samla innan 23.07.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Tilleggsinformasjon eller spørsmål til saka skal sendast til post@alver.kommune.no med referanse til **sak 21/4345**. Du får snart ein ny saksbehandlar.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seaworks Kabel AS	Postboks 3196	9498	HARSTAD
Telenor Norge AS	Postboks 800	1331	FORNEBU

Mottakarar:

Seaworks Kabel AS	Postboks 3196	9498	HARSTAD
-------------------	---------------	------	---------